



MØTEPROTOKOLL

Organ	Planutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	20.06.2017
Kl.	13.00-16.00

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Åshild Kjelsnes, Ap
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V
Stein Malkenes, MDG
Jakob André Sandal, SV

Forfall til møtet:

Hilmar Høl, Ap
Karen Marie Hjelmeseter, Sp
Karianne Torvanger, Ap
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen, Synnøve Stalheim

Sekretariat for møtet:

Stig Vattekar

I tilknytning til møtet vart det arrangert ei «plansmie», der Planutvalet og representantar frå Regionråda var invitert til eit arbeidsmøte i samband med utarbeiding av ny strategisk plan for senterstruktur og tettstadutvikling. Sjå meir nedanfor.

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 5/17 Rullering handlingsprogram for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019

2) Orientering om iverksetjing og gjennomføring av vedteken plan

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet tek ovannemnde om iverksetjing av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv til vitande.

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

3) Mål med rullering av handlingsprogram anlegg

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til føremåla med rullering av handlingsprogram for anlegg for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

4) Medverknad i rulleringa

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til at rullering av handlingsprogrammet for anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert gjort i samarbeid med partnerskapen.

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

5) Framdrift i arbeidet fram til fylkestinget i desember 2017.

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til skissert prosess for gjennomføring av arbeidet

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

2) Orientering om iverksetjing og gjennomføring av vedteken plan

Planutvalet tek ovannemnde om iverksetjing av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv til vitande.

3) Mål med rullering av handlingsprogram anlegg

Planutvalet sluttar seg til føremåla med rullering av handlingsprogram for anlegg for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

4) Medverknad i rulleringa

Planutvalet sluttar seg til at rullering av handlingsprogrammet for anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert gjort i samarbeid med partnarskapen.

5) Framdrift i arbeidet fram til fylkestinget i desember 2017.

Planutvalet sluttar seg til skissert prosess for gjennomføring av arbeidet

PLANSMIE:

Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling

I tillegg til medlemene i Planutvalet møtte frå regionråda:

Frida Melvær, HAFS

Trond Ueland, SIS

Mathias Råheim, SIS

Kristin Maurstad, Nordfjorderrådet

Ingen møtte frå Sogn Regionråd

Plansmia vart gjennomført som eit arbeidsmøte med påfyll av kunnskap, bearbeiding av kunnskapen og presentasjon/dialog om resultatet. I samsvar med vedteke arbeidsprogram vart regionrådsleiinga invitert til plansmia. Føremålet med plansmia var å sikre politisk forankring i strategiarbeidet og koordinering med regionane sine utfordringar. Vidare ynskjer vi å skape felles forståing for utfordringane vi står framfor, og nokre felles strategiar for å løyse utfordringane.

Program:

Første timen – Kunnskap og drivkrefter

Presentasjon av kunnskapsgrunnlaget for fylket samla. Innspel vi har fått frå regionane og einsskilde kommunar vart også teke med.

Andre timen – Strategiar og dilemma

Deltakarane vart delt inn i grupper, der gruppene jobba med to ulike oppgåver:

- Korleis kan vi skape attraktivitet i tettstadane våre?
- Korleis kan store og små tettstadar i fylket styrke kvarandre?

Tredje timen – Føringer

Gruppene presenterte sine arbeid og det vert lagt opp til open dialog. Alle innspel vart samla inn for å bearbeiding og vert teke med i strategiarbeidet vidare.